


Er dette kantslått?

02.06.2009



Ein halv meter utfor vegen har kantslåtten til Vevesenet vore. Skal bonden kanskje ta resten? (Foto: Torfinn Myklebust)

Statens vegkontor har hatt mange prosjekt ut på tilbud i år, såleis også kantslåttan - dei første metrane utfor vegbanen; ofte i skråningar.

Kantslåttan ved riksveg 48 skal visst nok vera gjort tidleg i år - ikkje alltid slik i Kvinnherad. Ofte har vi venta langt utover.

Men om det kan kallast kantslått det som er utført i Uskedalen og andre stader i Kvinnherad, er vi usikker på. På dei plassen vi har sett er det slege ein halv meter utfor vegen. Skråningane står med graset, småbuskane, høymålen og det andre som vegvesenet burde ha bort. Kjøp breiare maskin!!

Kvifor er det ikkje gjort skikkeleg jobb? Det hadde vel ikkje teke meir tid enn mykje av dette som foregjekk på overtid natterstider.

Folk tenkjer på å gjera det fint rundt seg; både med tanke på bosplukking og stelling med blomar og plenklypping. Det hadde vore kjekt om Staten hadde liknande tankar!!

Slik som dette skal det vel ikkje vera gjennom sommaren? Skam!

Torfinn Myklebust